

Årsrapport hjort – Bjørnafjorden kommune 2024:

Overordna forvaltningsmål


Kommunen har fastsett forvaltningsmål for hjortebestanden i kommunen i [Hjorteviltstrategi Bjørnafjorden kommune - 2023 - 2033](#) :

Dei overordna forvaltningsmåla som er fastsett der er :

- Hjortepopulasjonen skal reduserast med 30 – 50 % med lokale tilpassingar.
- Forbetre kjønnsfordelinga med meir vaksne hanndyr i høve hodyr – Sett kolle per bukk - 1,5
- Auke gjennomsnittlege slaktevekter for dei ulike årsklassane

Avskyting og bestandsutvikling 2010 – 2024:


Tidelte og felte hjort i perioden



Figur 1 viser tidelte fellingsløyve og tal felte hjort på venstre akse og fellingsprosent på høgre.

Forvaltningsstrategien har mål om auka uttak frå 2023 og tildelinga er auka men fellingstala har ikkje fylgt etter. Ein har såleis ikkje klart målet om auka avskyting for å redusere bestanden.


Andel kalv og ungdyr i jaktuttaket



Figur 2 viser kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det samla jaktuttaket.

Kalv har utgjort ein aukande del av jaktuttaket og har for 2023 – 2024 utgjort 30,2 % av det totale jaktuttaket som er i samsvar med målet om minst 30 %. For fjorkolle så har ein mål om at det skal utgjere 18 – 20 % og det har utgjort 18,5 % som er i samsvar med målet. Spissbukk skal i fylgje avskytingsmålet utgjere under 15 % og det har utgjort 15,5 % dei 2 siste åra.


Eldre dyr i jaktuttaket



Figur 3 viser andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

For eldre dyr så har avskytingsplanen i forvalningsstrategien mål om at eldre hodyr skal utgjere over 25 % og eldre hanndyr mindre enn 12 % av det totale jaktuttaket. Eldre hodyr har dei 2 siste åra utgjort 23 % og eldre hanndyr 12,8 % så ein er ikkje langt unna avskytingsmålet.

Kjønnsfordeling i samla jaktuttak




Figur 4 viser fordeling av jaktuttaket på kjønn for alle årsklassar samla og tal felte hjort.

Måla for planperioden har vore at ein skal ha ei overvekt av hodyr noko ein har klart med god margin. Dei 2 siste åra har hodyr utgjort 55,8 % og hanndyr 44,2 % av det totale jaktuttaket noko som er positivt i høve målet om meir eldre hanndyr i bestanden.


Data frå Sett hjort registreringar:

Sett hjort per jegerdag:



Figur 5 viser Sett hjort pr jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre.


Trenden (stipla line) for heile perioden samla er aukande noko som skulle tilsei bestandsvekst. Trenden er sterkt påverka av dei høge indeksane ein hadde i 2017 og 2018.



Figur 6 syner ideksen for Sett hjort per jegerdag for perioden 2019 - 2024


Om ein ser på indeksen frå 2019 så er trenden svakt minkande noko som tilseier at ein har hatt ein mindre bestandsreduksjon dei seinare åra. Dette er i samsvar med målsetjinga om bestandsreduksjon men den er førebels berre marginal.

Sett kolle per bukk:



Figur 7: viser indeksen for Sett kolle pr bukk


Trenden for indeksen er minkande noko som tilseier at det vert fleire bukkar i høve koller i bestanden. Dette samsvarar godt med avskytinga ein har hatt dei siste åra med ei overvekt av hodyr i jaktuttaket (Figur 4). Indeksen er likevel framleis høg og ligg enno eit godt stykke frå målet om 1,5.



Figur 8: syner gjennomsnittlege slaktevekter for kalvar registrert i Bjørnafjorden

Som utviklinga av slaktevektene for kalvar syner så er dei framleis minkande. Å snu denne trenden slik ein har mål om vil ta noko tid og kan ikkje forventast å klare i løpet av nokre få år.

Oppsummering – status for bestandsutviklinga



Figur 9 syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felt i perioden på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.

Ein har lenge hatt god vekst i bestanden og talet felte hjort har auka frå 769 i 2016 til 1.149 i 2021 som er året det var felt flest hjort. Dette utgjer ein auke på nær 50 % i løpet av 5 år. Etter 2021 gjekk fellingstalet ned nokre år før igjen å auke litt i 2024 med 1.120 felte hjort.

Som figur 9 syner så er hovudtyngda av auken i uttaket ein har hatt dei seinare åra gjort ved å ta ut fleire kalvar. Det er ein liten auke av koller og ungdyr medan talet bukk har lenge vore likt. Fordelinga av avskytinga har såleis vore positivt i høve måla om auke gjennomsnittsalderen og å betre kjønnsfordelinga.

Utviklinga av indeksen for Sett kolle per bukk går rett veg men er framleis eit stykke frå målet om 1,5. Sjølv om sett hjort (Figur 6) kan tyde på ein mindre bestandsreduksjon dei siste åra så er ein i høve målet om å redusere bestanden med 30 – 50 % framleis eit godt stykke i frå. For å klare målet om bestandsreduksjon slik forvaltningsstrategien har mål om må totaluttaket aukast dei fyrtre åra. For å snu den negative trenden i utviklinga av slaktevektene treng ein noko tid. Å redusere bestanden, auke gjennomsnittsalderen og betre kjønnsbalansen slik ein har mål om er dei beste tiltaka for å klare dette.

Magnus Frøyen
Norsk hjortesenter

